



AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO

Kvifor Lesekrok i Nygjerrigper?

Lesing er ei av fem grunnleggjande ferdigheter som er innførte med Kunnskapsløftet. Lesing er ikkje lenger noko som berre er norskleraren sitt ansvar. No er alle lærarar leselærarar. Men kva betyr det eigentleg i praksis? Korleis kan ein jobbe med lesing i alle fag?

Det viktigaste elevane kan lære, er at dei ikkje alltid skal lese på same måten. Å leite etter fakta i ein tekst krev ei anna form for lesing enn det å lese for underhaldninga si skuld. Derfor må elevane få eit verktøy til å lese på ein formålstenleg måte, og få med seg det dei les.

Med Lesekroken vil Nygjerrigper gi tips til korleis tekstane i Nygjerrigper-bladet kan brukast til å auke lesekompetansen hos elevane. Til kvart blad får du ei ny utgåve av Lesekroken med utgangspunkt i ein av artiklane i bladet.

Lesekroken består av tre typar oppgåver. Den eine går på ein lesestrategi, den andre går på å lese mellom linjene (detektivlesing). I tillegg blir det ei oppgåve som tek i bruk andre innfallsinklar. Kvar gong blir det ei kort teoretisk tilnærming til kvifor oppgåvene er laga som dei er.

UNDERVISNINGSSOPPLEGG TIL ARTIKKELEN «SLIK BLEI HAVA TIL» I NYSGJERRIGPER NR. 4-11.

Teikning for å konkretisere teksten

Når vi les, og får med oss innhaldet, dannar det seg ofte bilet i hovudet av det vi har forstått. Når vi skal gjenskape innhaldet igjen, er det gjerne bileta vi sjølv har danna, som vi tek tak i. Bileta blir ei konkretisering og tolking av innhaldet.

For å hjelpe elevane å danne mentale bilet av tekstane dei les, kan det vere ein god strategi å teikne. Det blir eit tosidig fokus, både å finne dei mest sentrale poengene, og å omforme ord til teikningar. Å teikne utan å forstå innhaldet let seg ikkje gjere. Å nytte teikning som strategi er enklast når innhaldet i teksten er konkret, difor kan det lønne seg å starte med dette.

I artikkelen «Slik blei hava til» les vi om ei utvikling, det er ikkje lausrivne poeng. Difor eignar ein teikneserie seg. Dei ulike bileta i serien skal henge saman, og skal syne ulike stadium i utviklinga. For å gjere arbeidet lettare får elevane vite at dei skal ha fire bilet i serien. Fyrste bilet skal vise stadiet for 4,5 milliardar år sidan. Siste bilet skal syne verda som ho er no, med hav og landmassar. Utfordringa blir å finne bileta som manglar.

FOTO: SHUTTERSTOCK

Om Nygjerrigper

Nygjerrigper er Forskningsrådet sitt tiltak for elevar og lærarar i barneskulen. Hovudmålet er å oppmuntre barn og unge til å ta vare på og dyrke nysgjerrigheita, forskartrongen og fantasiens sin. Nygjerrigper vil auke interessa for forsking og vitskap – og håper fleire unge menneske vel forsking som karriereveg.

I tillegg til eit eige vitskapsmagasin inkluderer tiltaket nettstad og ulike lærertilbod – blant anna rettleiing i korleis barn kan arbeide med eit forskningsprosjekt.

Les meir om tilboda og aktivitetane i tiltaket på nygjerrigper.no



Les KROKEN

Av Tuva Bjørkvold



Oppgåver til «Slik blei hava til»

1.

Detektivlesing

- Kva består mantelen av?
- Kvifor forsvann ikkje vatnet frå mantelen ut i verdsrommet?
- Kom vatnet i verdshava piplande opp frå jorda, eller regna det ned frå himmelen?
Grunngje svaret.

2.

Teikneserie

Jobb aleine. Del eit A4-ark opp i fire like store ruter. Øvst i ruta lagar du ein firkant der du skal forklare kva du har teikna. Du skal lage ein teikneserie om korleis hava på jorda blei til. Ikkje teikn for nøyaktig, men nytt fargar.

- Teikn fyrste rute, korleis jorda var for 4,5 milliardar år sidan.
- Teikn siste rute, korleis jorda er i dag, med hav og land.
- Les artikkelen nøyde og finn ut kva som skal vere i rute to og tre.
- Teikn rute to og tre.
- Skriv ei kort forklaring over dei ulike rutene. T.d. siste rute: «Jorda i dag, med hav og land.»
- Samanlikn teikneserien din med serien til ein annan.

3.

Ordrot

Sit saman i par.

Under står fem ord som er sentrale i artikkelen. Bokstavane er stokka om.

Leit i artikkelen for å få hjelp til å finne orda.

- RADOJ
- SEHAVDARV
- LETENNAM
- LIPPA
- NEDPAM

